

Prognose for tilgang og forbruk av norsk korn for sesongen 2016/2017

pr. 17. november 2016

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å sikre omsetninga av norsk korn og skape balanse i kornmarknaden i Norge. Norske Felleskjøp skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Sentrale verkemiddel er tiltak mot periodiske overskott og tilrådingar til Landbruksdirektoratet om nødvendig supplering av importerte råvarer.

Tilgangsprognose

Tilgangsprognosen byggjer på kvantum korn som er avrekna for landet til og med oktober jamført med situasjonen på tilsvarende tidspunkt tidlegare år. Norske Felleskjøp gir følgjande prognose for tilgangen av norsk korn til engrosmarknaden i kornåret:


Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2011-15	Tilgang 2015	Prognose 2016	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	150 300	147 700	212 000	141 %	144 %
Førkveite	163 100	324 000	74 000	45 %	23 %
Kveite i alt	313 400	471 700	286 000	91 %	61 %
Matrug	17 400	36 600	12 000	69 %	33 %
Førrug/rughvete	10 100	29 500	8 000	79 %	27 %
Rug i alt	27 500	66 100	20 000	73 %	30 %
Bygg	491 400	474 400	574 000	117 %	121 %
Havre	238 100	268 700	330 000	139 %	123 %
Korn totalt	1 070 400	1 281 000	1 210 000	113 %	94 %
Erter	2 100	3 500	5 000	238 %	143 %
Oljefrø, åkerbønner	9 200	10 400	11 000	120 %	106 %
Korn, erter, oljefrø	1 081 700	1 294 900	1 226 000	113 %	95 %
Matandel kveite	48 %	31 %	74 %		
Matandel rug	63 %	55 %	63 %		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)


Tilgangsprognosen styrker inntrykket frå septemberprognosen av ein god sesong for norsk kornproduksjon. Kvaliteten på matkveiten er betre i år enn i fjor.

Det er lite mykotoksin i norsk korn i år, men litt meir enn i fjor. Figurane viser utviklinga for havre og at det i år er mest DON i kornet i Nord-Trøndelag:



Prognosen tilseier ein auke i forventa tilgang på 13 000 tonn korn, erter og oljefrø i forhold til prognosen av 20. september.

Avlingsnivå pr. dekar har vore som vist under dei siste ti åra:



Avlinga ligg an til å bli den nest beste i kg pr. dekar nokon gong – berre slått av fjoråret. Avlingsnivået for bygg og havre har auka nokså jamt dei siste tre åra. Dette gir stor tilgang; med ti års snittavling for havre, ville årets areal gitt ein tilgang godt tilpassa etterspurnaden i industrien – 250 000 tonn til fôr og 30 000 tonn til gryn. Kveiteavlinga pr. dekar går ned, dels på grunn av mindre haustkveite. For rug er det nedgang i både areal og arealavling.

Overlagra korn frå sesongen 2015/2016 som del av marknadsreguleringa reduserer importbehovet denne sesongen.

Kvalitet og fordeling av matkveiten


Under er vist forventa fordeling av matkveiten mellom ulike proteinklasser og proteininnhaldet i korn som er avrekna p.t.:

Klassedeling av tilgang matkveite (kvantum i tonn):

	2015-16		Prognose 2016-17		
	Fordeling tilgang	Protein-%	Prognose	Kvantum (tonn)	Protein-%
Klasse 1	3,2 %	12,4 %	15,8 %	33 500	13,6 %
Klasse 2	14,9 %	12,4 %	20,8 %	44 200	13,4 %
Klasse 3	41,8 %	12,2 %	44,3 %	93 900	13,2 %
Klasse 4	36,7 %	11,9 %	19,1 %	40 400	12,8 %
I alt	100,0 %	12,1 %	100 %	212 000	13,2 %

(Kjelde: Landbruksdirektoratet)


Det er høgare proteininnhald i kornet i år enn i fjor. Gjennomsnittleg utvikling dei siste åra i proteinnivå i norsk matkveite er illustrert i figuren under:



NIBIO, Nofima og NMBU har undersøkt kvaliteten på matkveiten denne sesongen og gir oppsummert følgjande omtale:

«Middels kvalitet både for høst- og vårhvete, og best resultat i vårhvete. Variasjonene mellom felt har vært mindre enn i de fleste andre år.»

Møllene melder i tråd med dette at bakekvaliteten er god for den norske matkveiten etter hausten 2016. Klasse 4 har synt litt variable resultat i prøvebakinga. Figuren under viser andel norsk matkveite pr. kalenderår basert på forbruksstatistikk frå Landbruksdirektoratet:



I prognosen er det lagt til grunn at 69 % av forbruket av matkveite kan vere basert på norsk korn i sesongen 2016/2017.

Fordeling av tilgangen

Tabellen under gir oversikt over bruken av norsk korn frå årets avling og av korn som er overlagra for marknadsreguleringa si rekning, til ulike formål:


Fordeling norsk korn (tonn)				
Kornslag	Tilgang ny avling	Overlagra korn	Forbruk matkorn	Norsk korn i alt til fôr
Kveite	286 000	26 900	191 700	121 200
Rug	20 000	6 400	18 400	8 000
Bygg	574 000	9 800	3 500	580 300
Havre	330 000	11 400	29 500	292 900
Totalt	1 210 000	54 500	243 100	1 002 400

Forbruket av matkorn gir eit overskott av matkveite på 18 000 tonn som inngår i tilgangen til fôr, etter omdisponering.

Tilgangen av havre er stor denne sesongen. I tillegg er det noko havre på lager hos kornhandlarane etter tidlegare sesongar. Å bruke opp all tilgjengeleg havre krev omlegging av reseptane for produksjon av kraftfôr. Situasjonen har vore fokusert sidan presentasjonen av prognosen i september og Norske Felleskjøp legg til grunn at industrien har lagt opp til å bruke så mykje havre som råd, inklusive utnytting av kapasiteten til avskaling av havre. Kvaliteten på årets havre er god og dette gir utgangspunkt for høg andel havre i kraftfôret. Forbruket av havre til fôr i tabellen over tilseier at 19 000 tonn blir overlagra til neste sesong.

Rommet for bruk av havre i kraftfôr er redusert i seinare år, først og fremst som følgje av auka andel fôr til mjølkekyr som aukar mjølkeytinga; kravet til energikonsentrasjon gir mindre plass til havre.

Figuren under viser kor stor andel havre som har blitt brukt i kraftfôret dei seinare åra (Landbruksdirektoratet, råvareforbruk):



Dersom all havre som er tilgjengeleg i sesongen, inklusive kvanta som vart melde inn som overskott i mai 2016, skal brukast, utgjer havre 16,6 % av kraftfôr i alt. I prognosen er det lagt til grunn at kraftfôrindustrien kan ta inn 15,0 % havre i kraftfôret totalt. Dette medfører at ein del havre ikkje blir brukt i år og blir erstatta av importerte råvarer, først og fremst fôrveite. Jamfør tabellen over. Det er sådd mykje haustkorn i 2016 og dette vil truleg føre til redusert areal av havre i 2017; eventuell overlagra havre vil difor finne større rom i marknaden i 2017/2018 enn i inneverande sesong.

Tilgangen av bygg er stor, nesten på nivå med toppåret 2004/2005.

Det er prognosert stor tilgang av matkveite. Generelt er kvaliteten god. Det er ein del kveite av klasse 4, men kanskje også klasse 3, som har varierende kvalitet

Prognosen viser også at det i sesongen er rom for den overlagra matrugen frå den førre sesongen.

Forbruksprognose

Matkorn

Prognosen for forbruk av matkorn er basert på forbruksstatistikk frå Landbruksdirektoratet til og med september 2016.

Vi ser at den nedgåande trenden i foredling av matkveite ved norske møller har flata ut og det er registrert auka forbruk i 2015. I prognosen er det lagt til grunn månadleg tre års trend.

Tabellen under viser forbruket dei siste sesongane, og prognose:

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2011/2012	279 930	25 590	2 872	23 191	331 583
2012/2013	281 646	26 056	2 604	26 998	337 304
2013/2014	279 896	23 421	2 643	28 807	334 767
2014/2015	274 863	22 114	3 184	30 178	330 339
2015/2016*	276 371	21 071	3 405	29 881	330 728
Prognose 16/17	277 800	20 100	3 500	32 000	333 400

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 3. kvartal i 2016 og produksjons- og salsprognosar for mjølk, kjøtt og egg.

Det er registrert mindre forbruk av omsett kraftfôr pr. kg produsert mjølk og svinekjøtt i 2016 enn i 2015. Prognosert forbruk av kraftfôr pr. prognoserte mengder mjølk og kjøtt er haldne på same nivå i 2017 som i 2016.

Forventa produksjon i perioden oktober 2016 – september 2017 er prognosert under:

Kraftfôrsalg per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K11 - 3K12	975 091	490 463	409 564	30 080	1 905 198
4K12 - 3K13	992 119	482 004	446 184	28 380	1 948 687
4K13 - 3K14	997 058	481 603	460 639	25 192	1 964 492
4K14 - 3K15	1 010 312	495 779	426 925	22 386	1 955 402
4K15 - 3K16*	1 015 000	500 000	437 000	19 118	1 971 118
4K16 - 3K17**	981 000	497 000	455 000	17 000	1 950 000
Endring	-3,3 %	-0,6 %	4,1 %	-11,1 %	-1,1 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Oppdatert statistikk viser at omsetninga av kraftfôr i mai – for sesongen 2015/2016 – vart underprognosert med 4 000 tonn. Forskjellen mellom bransjen si vurdering av overskottet av fôrkorn til 72 000 tonn sesongkorn og prognosen sitt estimat på 45 000 gjenstår difor uforklart. Det var i all hovudsak feilprognoseringa av tilgangen av norsk korn i august 2015 og tilsvarande for stor import som skapte avvik for sesongen.

Import av råvarer for å supplere tilgangen av norsk korn

Importbehov matkorn

Importkvoten for matkorn vert gitt som ei samla kvote som vert fordelt mellom auksjonar i august, november og mai. Som grunnlag for tilråding om den samla importkvoten er dei enkelte kornslaga vurdert for seg.

Prognosen tilseier større tilgang av norsk matkveite enn lagt til grunn for kvoteauksjonen i august. Ut frå prognosert totalt forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskprodusert matkorn, vil det vere trong for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	277 800	20 100	3 500	32 000	333 400
Norsk korn	191 700	18 400	3 500	29 500	243 100
Importbehov	86 100	1 700	0	2 500	90 300

Det er behov for import av økologisk grynhavre og suppleringsimporten er justert for dette.

Andelen norsk korn av forbruket av matkorn totalt blir 73 %. Importbehovet for matkorn har ikkje vore mindre sidan sesongen 2007/2008.

Forslag om importkvote for matkorn

Ved tildeling av kvote for supplerande import av matkorn til redusert toll, kan Landbruksdirektoratet i november tildele kvoter slik at inntil 80 % forventa importbehov for sesongen er fordelt ved auksjonane i august og november.


Ved fastsetting av kvote for import med redusert toll vert det teke omsyn til import frå MUL-land og til særskilt avtalte kvoter med andre land. Det er ikkje søkt om GSP-lisensar for import av matkorn. Det er lagt til grunn at durumimporten kan skje innanfor bilateralt avtalte kvotar.

Dette tilseier følgjande kvote:

Prognosert suppleringsimport matkorn, november 2016 (tonn)	
Prognosert importbehov, sesong	90 000
- Import under kvoter for durumkveite 2015	-
Suppleringsimport inklusive MUL-import	90 000
- Tildelt importkvote i august	(59 000)
Importbehov inklusive MUL-import	80 % 13 000
- Lisensiert nulltollimport frå MUL-land	(60)
Forslag til importkvote med administrert toll	13 000

Importbehov for karbohydratråvarer til kraftfôr

Andel karbohydrat i kraftfôr har falle over lang tid først og fremst til fordel for proteinråvarer. Lite protein i norsk korn gjorde at proteinimporten i sesongen steig og ga redusert andel karbohydrat med 2 prosentpoeng – 69,7 %. Denne sesongen er proteininnhaldet relativt høgt og det kan bli misvisande å la den førre sesongen påverke vurderinga av utviklinga. Ved å sjå bort frå sesongen 2015/2016 i trendframskrivinga, får vi følgjande utvikling:



I prognosen er lagt til grunn 71,0 % karbohydrat i kraftfôret i sesongen. Det gir følgende behov for suppleringsimport for karbohydratråvarer til kraftfôr:

Importbehov karbo (tonn)		
Forbruk		
Kraftfôrsal	1 950 000 tonn	
Andel karbohydratråvare	71,0 %	
Behov karbohydratråvarer		1 385 000
- Forbruk av norsk kli		52 000
Karboråvarer eksklusiv kli		1 333 000
Tilgang		
Norsk korn brukt til kraftfôr etter svinn *)	1 002 000 tonn	-992 000
Suppleringsbehov karbohydratråvare		341 000

*) Svinn 1,0 %

Andelen norsk korn av karbohydratdelen eksklusiv kli er med dette 74 %. Av totalt kraftfôr utgjør norsk korn 51 %.

Avtalte importkvotar

Ein del av råvarene til kraftfôr vert importert tollfritt frå MUL-land. Denne importen blir korrigert for i kvoter som blir tildelt på auksjon. I førre kvoteåret blei det i mai trekt for gitte lisensar for perioden 24.04.2016 – 01.08.2016; av desse vart 36 tonn ikkje utnytta. For perioden 01.08.2016 – 7.11.2016 er det importert i overkant av 7 900 tonn karbohydratråvarer frå MUL-land og det er gitt lisensar for import av 12 500 tonn for perioden 7.11.2016 - 24.04.2017.

EU er gitt tilgang til tollfri eksport av 10 000 tonn mais og 10 000 maisgrits til Norge pr. år. GSP-land er gitt ei kvote på 40 000 tonn tollfri rørsuktermelasse til dyrefôr pr. år. Norske Felleskjøp legg til grunn at desse kvotane vil bli utnytta fullt ut og reduserer behovet under kvoteauksjonane.

Forslag om importkvote for fôrkorn

Norske Felleskjøp foreslår utlegging av følgende nye importkvoter for karbohydratråvarer ved auksjonen i november:

Prognosert suppleringsimport karbohydrat, november 2016 (tonn)	
Prognosert behov for importbehov i sesongen	341 000
- Kvoter for mais og maisgrits - EU	(20 000)
- Kvote for roemelasse - GSP	(40 000)
Korreksjon for ubrukte MUL-lisensar i siste kvoteår	-
Suppleringsimport inklusive MUL-import	281 000
Importbehov des-mai inklusive MUL-import	80 % 225 000
- Tildelt importkvote i august	(108 000)
- MUL; import og lisensar august-april	(20 000)
Forslag til importkvote med administrert toll	97 000

Den tildelte importkvoten i august tilsvarar 38 % av den oppdaterte prognosen for suppleringsimport.

Forslag om importkvote for oljefrø

Suppleringsimport av oljefrø vert fordelt på auksjonane i august og november. Eventuell forventet import frå MUL-land går utanom desse kvotane. Basert på historisk forbruk og prognosert tilgang, har bransjen følgende behov for suppleringsimport i sesongen:

Importbehov oljefrø 2016/2017	
Forbruk til kraftfôr	14 000
- Tilgang norsk oljefrø	8 000
+ Forbruk til matolje	1 400
Importbehov	7 400

Det vart lagt kvote for import av 5 000 tonn i august. Det gjenstår inntil 2 000 tonn å tildele.

VEDLEGG

Arealfordeling 2011 - 2016 (dekar)						Prognose 2016	Endring frå 2015	Endring frå august
	2011	2012	2013	2014	2015			
Haustkveite	141 495	19 724	91 327	205 474	375 711	114 400	(261 300)	(8 200)
Vårkveite	596 240	648 508	456 404	585 034	480 096	552 500	72 400	11 000
Kveite	737 735	668 232	547 731	790 508	855 807	666 900	(188 900)	2 800
Rug, rugkveite	52 799	14 756	30 095	60 846	104 104	46 000	(58 100)	(16 700)
Bygg	1 475 232	1 558 255	1 587 177	1 259 617	1 225 484	1 363 700	138 200	29 900
Havre	713 541	689 422	684 556	714 966	629 935	756 200	126 300	6 600
Korn	2 979 307	2 930 665	2 849 559	2 825 937	2 815 330	2 832 800	17 500	22 600
Oljefrø	52 025	54 873	34 613	40 999	34 707	41 700	7 000	1 800
Korn/oljvekstar	3 031 332	2 985 538	2 884 172	2 866 936	2 850 037	2 874 500	24 500	24 400

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet/Søknad om produksjonstilskudd.

:

Tilgang korn (tonn)

	Hvete			Rug		
	Mat	Fôr	Total	Mat	Fôr	Total
1998/1999	122 018	188 460	310 478	3 024	11 441	14 465
1999/00	196 350	16 842	213 192	5 020	366	5 386
2000/01	250 551	46 310	296 861	6 832	3 350	10 182
2001/02	115 461	129 014	244 476	2 503	3 079	5 582
2002/03	201 111	42 967	244 078	6 048	2 105	8 154
2003/04	310 007	24 347	334 354	15 725	2 453	18 178
2004/05	336 060	55 818	391 878	33 192	5 811	39 003
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 225	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 791	127 458	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 335	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	217 471	150 946	368 418	31 259	6 764	38 023
2015/16	147 734	324 001	471 735	36 591	29 532	66 123
15. august	156 000	128 000	284 000	18 000	16 000	34 000
20. september	214 000	92 000	305 000	15 000	10 000	25 000
Prognose	212 000	74 000	286 000	12 000	8 000	20 000

Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner
1998/1999	580 016	365 783	1 270 742	0	9 784
1999/00	585 008	330 530	1 134 116	0	10 304
2000/01	537 095	374 940	1 219 078	0	9 008
2001/02	583 915	312 821	1 146 794	290	19 113
2002/03	555 501	261 445	1 069 176	529	17 822
2003/04	552 344	316 605	1 221 480	1 054	11 312
2004/05	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519
2007/08	456 091	260 427	1 136 328	8 691	8 966
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315
2013/14	479 429	212 361	902 179	963	6 015
2014/15	498 860	269 693	1 174 994	2 087	9 648
2015/16	474 394	268 737	1 280 989	3 535	10 403
15. august	517 000	289 000	1 124 000	5 000	8 000
20. september	561 000	308 000	1 199 000	5 000	9 000
Prognose	574 000	330 000	1 210 000	5 000	11 000

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet